

Fra: Eikehaug Tine (tine.eikehaug@vegvesen.no)
Sendt: 27.10.2015 09:55:38
Til: Inger Lena Gåsemyr
Kopi: Adriansen Jan

Emne: SV: Varsel om oppstart av arbeid med reguleringsplan for ny veg FV 555 Kolltveit - Austefjorden

Vedlegg: Torvhus_Eide.jpg;Struktur_Hammarsland.jpg
Hei Inger Lena!

Eg har sjekka denne saka litt. Det er kommunen som utarbeider reguleringsplanen på grunnlag av kommunedelplanen frå 2008 (sjå link til denne i oppstartsmeldinga). Dei nyttar konsulent, så det er ingen på planavdelinga hjå oss som jobbar med den.

Når det gjeld kommunedelplanen frå 2008 var det Statens vegvesen som utarbeida den. Det var KU til planen, og på deltema kulturmiljø vart det laga to, ein for automatisk freda kulturminne og ein for nyare tid. Jan Adriansen her hos på planavdelinga oss hadde arkeologidelen, og konsulent hadde nyare tid. Du må gjerne ringe Jan på 97507707. Han har også fine bilete, om du vil ta turen hit ;-)

Det er ikkje gode kart med til oppstartsmeldinga (dei er faktisk svært dårlege, og seier jo ingenting!), så det er ikkje lett å sjå kva som vert råka.. Men om du går inn på karta til kommunedelplanen frå 2008, er det lettare å sjå. Det er jo ikkje sikkert denne planen vil sjå heilt lik ut, men omtrent. Kart B31 og B32 er området kring Fjell festning, trur eg. Når det gjeld Fjell festning er det i kommunedelplanen tenkt tunell under. Eg trur omsynssona vert ivareteken, men om fylkeskommunen ønskjer å utvide denne bør det seiast nå. Fylkeskommunen må undersøke kor djupt ned omsynssona går i fjellet (under nedste del av kulturminnet). Det må også vurderast om tunellarbeidet kan skade kulturminnet (ristingar mm)...?

Jan nemnde også Tveita gard: Sjå kulturmiljø 23 i KU for nyare tid (s. 47–48). Kulturmiljøet her har fått «svært stor verdi» og ein veg gjennom her vil ha «meget stor negativ konsekvens».

Det er også eit fint torvhusmiljø ved Eide (kart B14), aust for dagens veg. Etter det eg forstod er torvhusa (5 stykk) ikkje nemnd i KU for nyare tid. Dei er heller ikkje SEFRAK-registrert. Det planlagd tunnelinnslag i området der desse ligg. I og med at det no er ein ny plan kan ein vel seia ifrå at det er manglar i Ku'en så ein må ta omsyn til det i ny plan? Om du treng å få dei kartfesta eller sjå bilete kan du spør Jan. Kan hende lurt med ein synfaring her? Sjå vedlagt bilete.

Jan nemnde også ein «mystisk ring» – kan hende noko for arkeologane. Eg veit diverre ikkje så mykje meir om denne (Jan er på reise i dag så eg kan ikkje seia meir om den)... Sjå vedlagt bilete

Det er forresten stort potensiale for funn av ukjende automatisk freda kulturminne i delar av planområdet, sjå KU for automatisk freda kulturminne.

Eg veit ikkje som det var slike opplysningar som dette du ville ha, så ta kontakt att om det var andre ting du ville diskutere. Prøvde å ringe deg både fredag og i går. I dag er eg ganske så oppteken, men er på kontoret att i morgon. ☺

Beste helsing Tine

Fra: Inger Lena Gåsemyr [mailto:Inger.Lena.Gasemyr@hfk.no]

Sendt: 23. oktober 2015 12:15

Til: Eikehaug Tine <tine.eikehaug@vegvesen.no>

Emne: Varsel om oppstart av arbeid med reguleringsplan for ny veg FV 555 Kolltveit - Austefjorden

Hei Tine,

Kjenner du/dykk til denne saka. Det er varsla oppstart. Vi har frist 9.november. Tiltaket vil kunne få konsekvenser for kulturmiljøet omkring det freda anlegget Fjell festning.

Helsing
Inger Lena